



Haraldsplass
DIAKONALE SYKEHUS
Bergen Diakonissehjem

Helse Vest RHF
Postboks 330
4066 Stavanger

Vår ref:

Deres ref:
2007/303 – 1806/2007

Dato: 27.06.07

HØYRINGSUTTALE – HELSE 2020 – STRATEGI FOR HELSEREGIONEN.

Vi takkar for høvet til å gje høyringsuttale til Helse Vest sitt strategidokument Helse 2020.

Haraldsplass Diakonale Sykehus (HDS) er den største av dei 7 ideelle institusjonane innan somatikk og psykiatri i Helse Vest RHF. Vi løyser viktige oppgåver for Helse Vest innan spesialisthelsetenesta i Hordaland og helseregionen og er lokalsjukehus med akuttfunksjon innan indremedisin og kirurgi. Vi har spissfunksjonar innan palliasjon, geriatri og kirurgi/ortopedi.

Helse 2020 er eit viktig dokument for at Helse Vest RHF på ein god måte skal løyse ”sørge for ansvaret” sitt. Dokumentet peikar på krevjande langsiktige utfordringar og gir på ein systematisk måte eit overblikk over dei område det blir viktig å arbeide vidare med i framtida.

Dokumentet har ei generell og overordna vinkling med ein god del positive føringar. Noen fagområde blir nemnt spesifikt, mens andre store fagområde som f.eks. indremedisin, gyn og obs, lindrande behandling og pediatri ikkje blir nemnt i heile tatt.

Vi vil i vår uttale særleg kommentere følgjande punkt:

5.1.1 Heilskapleg kvalitetsstrategi for kjerneverksemda

Positivt at det blir sett eit sterkt fokus på internkontroll og kvalitetsarbeid særleg med tanke på saumlause pasientforløp, å standardisere volumtenester og systematisk utvikle kunnskapsbasert praksis.

5.1.2 Nye helsefaglege metodar og teknologiutvikling

HDS finn det særst positivt med den varsla utviklinga av prosedyrar for innføring av ny teknologi og nye medisinske metodar. Dette vil mest sannsynlig gje oss eit betre grunnlag for avgjersle i framtida.

IKT satsing innan felles EPJ og ikkje minst innan telemedisin ser vi som eit anna interessant område. Dette har potensiale til å spare både tids- og personalressurs, men det avhenger av at lovverket blir tilpassa moderne elektronisk flyt av informasjon på ein god måte og at de ulike systema lett lar seg integrere og er brukarvenlege.

5.1.3 Felles regional tilnærming til klinisk prioritering

Når det gjeld kunnskapen om og riktig bruk av prioriteringsforskriften ser vi planen om eit eige opplæringsprogram i HV sin regi som nyttig og ber om at de private ideelle inviterast med i ein slik prosess.

6.1.5. Rolla til private ideelle institusjonar.

Vi ser positivt på dei formuleringane som er tekne inn om forholdet til dei private ideelle institusjonane. Dette er i samsvar med regjeringa sine formuleringar i Soria Moria erklæringa og i samsvar med andre politiske signal.

6.2.3. Samla plan for kirurgi

Vi ser fram til arbeidet med samla plan for dei kirurgiske fagområda. Det må nemnast at kirurgi er ein sentral del av kreftbehandlinga. Under dette punktet saknar vi derfor fokusering på kreftbehandling som i samhøve med nasjonal og regionale strategiar skal være eit viktig satsningsområde i denne perioden. Det er forventa ein 40% økning av kreftsykdommer i Noreg fram mot 2020 og framleis dør nesten 40% av pasientar som får diagnosen kreft. Palliasjon hos dei som ikkje kan kurerast er eit vesentlig tilbod for god livskvalitet. HDS kan vera ein viktig bidragsytar i dette arbeidet.

6.2.4. Samla plan for spesialisthelsetenester til eldre.

Godt utvikla spesialisthelsetenester til eldre er ein føresetnad for å lukkast med å løyse dei samla utfordringane i åra som kjem. Arbeidet med dette feltet har så langt vi kjenner til ikkje hatt høg nok prioritet i Helse Vest. Vi er opptekne av at arbeidet med å utvikle differensierte helsetenester basert på ei betre samhandling med primærhelsetenestene for å møte gruppa av eldre med samansette lidningar må prioriterast. HDS har lang erfaring, god kompetanse og sterk motivasjon for å kunne delta aktivt i dette arbeidet og vi er glade for at HV nå vil ta et initiativ til å sette i gang arbeidet med ein samla plan for spesialisthelse-tjenesten til eldre.

Avslutningsvis vil vi understreke at private ideelle institusjonar er opptekne av å ta del i både utvikling og gjennomføring av gode helsetenester på Vestlandet også i framtida. Vi vil oppfordre Helse Vest til sterk involvering av våre fagmiljø i utviklingsarbeidet. Det vil institusjonar og brukarar dra nytte av.

Med venleg helsing

Eivind Hansen
Adm. direktør
(sign)


Tove Zakariassen
sjef utviklingsavdelingen